

Nytt VA-anlegg i Halsabrotet

23.08.2013

Det skal no etablerast nytt kommunalt VA-anlegg heilt frå sjø og opp til Øvre Halsabrotet opplysar Jon Harald Kjærland i kommunen i samband med ein merknad frå ein oppsittar. Merknaden gjeld overvatn som i dag renn inn på eigedomen hans og at dette systemet ikkje tåler meir.

Det nye anlegget vil ha kapasitet til å handtere avløp og overvatn frå utbyggjing på eigedom 122/8, som det nye anlegget skal gå gjennom. Det vil bli byggemeldt med det fyrste og det vil bli oppstart så snart byggeløyve er gjeve,

Det vil bli montert bekkeinntak som fører overvatnet bort frå eigedomen og inn på det nye anlegget og eigedom 123/35 får dermed mindre belastning enn i dag med overvatn frå terreng ovanfor.